UNIVERSITETET I BERGEN
Det medisinsk-odontologiske fakultet

Arkivkode: 2012/2268

Styre-sak: 28/12

Møte:11.04.12

Forskarutdanningsmelding for Det medisinsk-odontologiske fakultet 2011

I samsvar med brev frå Universitetsleiinga datert 19.01.12. skal institutta og fakulteta utarbeide forskarutdanningsmelding for 2011. Fakulteta sine meldingar dannar grunnlag for UiB sin forskarutdanningsmelding. Desse skal behandlast i Universitetsstyret i mai 2012.

I meldinga skal det gis ein vurdering av fakultetets resultat i 2011. Drøfting og analysering av oppnådde resultat og utfordringar skal vektleggast. Det skal også særlig leggast vekt på oppfølging av UiB og fakultetets eigne handlingsplanar. Forskarutdanningsmeldinga skal utarbeidast etter same mal som i 2010. Frist for å rapportere til Universitetsdirektøren er 15. april 2012.

Forslag til forskarutdanningsmelding for 2011 frå Det medisinsk-odontologiske fakultet er vedlagt.

Denne vart behandla i møte i Programutval for forskarutdanning 21.03.12 (sak 11/12).

Forslag til vedtak

1. Fakultetsstyret tar til orientering dei oppnådde resultata for 2011, samt oppgitte måltal for 2012.

2. Fakultetsstyret vedtar Forskarutdanningsmeldinga for Det medisinsk-odontologiske fakultet 2011.

3. Fakultetsstyret gir dekanen fullmakt til å justere meldinga i tråd med endringar som kjem fram i fakultetsstyremøtet, samt justere meldinga i tråd med eventuelt nye tal som kjem inn innan fristen.

23.03.2012 /ANLL

Vedlegg:

Forskarutdanningsmelding Det medisinsk-odontologiske fakultet 2011.

FORSKARUTDANNINGSMELDING 2011

Det medisinsk-odontologiske fakultet

Godkjent av Programutval for forskarutdanning 21.03.12
Vedteke av Fakultetsstyret _____

Resultatindikator	2011		2012
	Måltal	**Resultat**	**Måltal**
Totalt tal på disputasar	80	87	85
Tal på uteksaminerte ph.d.-kandidatar pr. vitskapelig årsverk (prof./førsteam.)		0,49	
Nye doktorgradsavtalar		89*	85
Tal på aktive ph.d.-kandidatar		513	
Tilsette i departementsfinansierte stillingar	121	128	125
Tilsette i Forskingsråds- og andre eksternfinansierte stipendiatstillingar	58	30	30
Gjennomstrømming på disputerte ph.d.-kandidatar (år)		3,2	

*****Tal henta frå DBH. Fakultetets eigen oversikt viser 95 nye avtalar.

1. KVALITATIVE VURDERINGAR

Det medisinsk-odontologiske fakultet har ein forskarutdanning med eit høgt aktivitetsnivå. Det var 513 aktive ph.d.- kandidatar registrert i 2011 og det vart avlagt 87 doktorgradar. I 2012 vil fakultetet arbeide for ytterligare å auke kvaliteten i alle ledd som inngår i utdanninga. I 2011 vedtok fakultetet ein handlingsplan for forskarutdanning for perioden 2011-2013. Område som vil bli gitt prioritet i 2012 er evaluering av forskarskular ved fakultetet, utgreiing av hensikt og løysingar for obligatoriske kurs for ph.d.- rettleiarar, utviding av den eksisterande kursporteføljen, samt internasjonalisering. I 2012 er fakultetet arrangør av den årlege konferansen for den europeiske forskarutdanningsorganisasjonen ORPHEUS.

Fakultetet har også eit omorganiseringsprosjekt *Framtidas fakultet* som vart satt i gang i 2011, og som skal ferdigstillast ved utgangen av 2012. Prosjektet skal munne ut i ein forenkla organisasjons- og styringskultur og tydeliggjering av strategisk leiing, og eit

av fem hovudmoment ved omorganiseringsprosjektet er å styrka funksjonar som understøttar forsking og forskarutdanning.

a) Kvalitativ omtale av kvar resultatindikator

Totalt tal for disputasar:
Det vart avlagt 87 doktorgradar ved Det medisinsk-odontologiske fakultet i 2011; av desse var 2 dr.philos. Ein har dermed nådd måltalet på 80 disputasar med god margin. Det er ein liten nedgang frå fjorårets 93 doktorgradar, men i ein storleik som berre er å rekna som tilfeldig variasjon i avlagte doktorgradar. Av dei uteksaminerte i 2011 var 21 UiB-stipendiatar. Måltalet for disputasar i 2012 er 85.

Tal på uteksaminerte kandidatar per vitskapelig årsverk
Det er 0,49 uteksaminerte kandidatar per førsteamanuensis/professor i 2011. Dette er ein liten nedgang frå 0,53 i 2010, og skyldast færre disputasar.

Nye doktorgradsavtalar
Tal frå DBH viser eit opptak på 89 nye ph.d.-kandidatar ved fakultetet i 2011. MOF sin eigen oversikt viser 95 nye ph.d.- kandidatar. Differansen skyldast opptak der semester for opptak og finansiering er ulike, og at desse opptaka ikkje blir fanga opp i rapportering av nye avtalar. Det reelle talet på nye doktorgradsavtalar er 95 for 2011. Talet på nye kandidatar har gått opp frå i fjor. I 2010 hadde DBH registrert 71 nye avtalar. MOF sin eigen statistikk viste 94 nye avtalar i 2010. Måltalet for nye doktorgradsavtalar i 2012 er 85.

Tal på aktive ph.d.-kandidatar
Tal frå DBH viser 513 aktive ph.d.-kandidatar ved Det medisinsk-odontologiske fakultet hausten 2011. Dette er ein auke på 10 kandidatar frå 2010. Fakultetet har høg aktivitet i forskarutdanninga, med mange eksternfinansierte kandidatar, og mange med ekstern arbeidsstad. Ph.d.-halvtårsregistrering, elektronisk framdriftsrapportering og krav om at det må søkast om forlenging i programmet, er verktøy som i sum har ført til betre oppfølging av kandidatane og fleire utskrivingar av ikkje-aktive kandidatar dei siste åra. Ein har dermed i stor grad sikra seg at kandidatane som er i programmet faktisk er aktive forskarutdanningskandidatar. Dette arbeidet vil halde fram og ha høg prioritet også i kommande år.

Tilsette i departementsfinansierte, forskingsrådsfinansierte og andre ekstern-finansierte stipendiatstillingar
Tilsette i departementsfinansierte stipendiatstillingar har gått opp frå 124 i 2010 til 128 i 2011. Fakultetets måltall for 2012 er 125 departementsfinansierte stipendiatar. Tilsette i forskingsrådsfinansierte stipendiatstillingar og andre eksternfinansierte stipendiatstillar er 30. Dette er ein nedgang frå fjorårets 35,7 og heile nedgangen er knytt til forskingsrådsfinansierte stipendiatstillingar. Fakultetets måltal for 2012 er 30 forskingsrådsfinansierte og andre eksternfinansierte stipendiatstillingar.

Gjennomstrømming på disputerte ph.d.-kandidatar
Fakultetet rapporterer om ein gjennomstrømming på sine ph.d.-kandidatar på bruttotid 4,1 år, nettotid 3,2 år. Datagrunnlaget for desse talla er noko usikre. Det er faktorar som kan forklare feilmarginar både når det gjeld brutto- og nettotid. Fleire kandidatar søkjer opptak til ph.d.-programmet lenge etter oppstart av sitt forskingsprosjekt, og dermed får ei unaturlig låg nettotid. Ein forklaring på for høg nettotid er at informasjon om permisjonar, sjukemeldingar og periodar med arbeid utanom forskarutdanninga for fleire kandidatar kan vere usikker. Dette gjeld særlig kandidatar med ekstern arbeidsgjevar. Desse vil dermed bli registrert med for høg nettotid i forskarutdanningsperioden. Det er vanskelig å få ein total oversikt over omfanget av tilleggsarbeid, særlig for eksternt tilsette kandidatar. Det er utfordringar med å innhente og få registrert alle opplysningar frå denne gruppa, sjølv om både ph.d.-registrering og framdriftsrapportering gjer at datakvaliteten no er betre enn tidligare.

b) Generell kvalitativ presentasjon av resultat, planar, utfordringar og prioriteringar

Status for oppfølging av handlingsplan for forskarutdanning ved UiB
Fakultetet jobbar kontinuerlig med oppfølging av Handlingsplan for forskarutdanning ved UiB, vedteken i 2008. I 2011 vedtok fakultetet sin eigen handlingsplan for forskarutdanning for perioden 2011-2013. Denne er vedteken i tråd med fakultetet sin strategiplan frå 2010.

Fakultetet har mellom anna jobba med forskarkurs på nett i samarbeid med UiBs Forskingsadministrative avdeling. Fakultetet har delteke i utforming og testing av den nye kursportalen. Portalen med oversikt over alle UiB sine forskarutdanningskurs er noko vi ser fram til, og det er positivt at arbeidet er i gang. Det var likevel uheldig at overføringa frå studieemne til ph.d.-kurs i FS/web skjedde i desember 2010/januar 2011, då dette førte til at fleire av kursa ikkje var tilgjengelig på nett i delar av den perioden då kandidatane skulle melde seg til kurs via StudentWeb.

Fakultetet har innført at alle nye kandidatar no får oppnemnt minimum to rettleiarar. Unntak frå dette får berre dei som gjennom forskarlina for medisinarstudentar har kome så langt i arbeidet med avhandlinga at dei skal levere kort tid etter opptak i ph.d.-programmet, og det ikkje er tenleg å involvere nye personar i prosjektet. Slike unntak må grunngjevast.

For ytterligare oppfølging av strategi- og handlingsplanar sjå det enkelte avsnitt under.

Forholdet mellom forskarutdanning og forskingssatsingar på fakultetet
Fakultetet har støtta forskingssatsingar med stipendiatstillingar, både som eigenandel ved eksternfinansierte prosjekt og som støtte til andre forskingssatsingar. I tillegg har

forskarskulane vore tildelt stipendiatressursar. Noko av desse ressursane kjem frå UiB sentralt, andre kjem via fakultetets satsingar.

I 2011 hadde Forskingsutvalet ein gjennomgang av øyremerking og strategisk bruk av stipendiat- og post.doc.-stillingar. Forskingsutvalet konkluderer med at for å sikra kvalitet i forskinga bør talet på opne stipendiat- og postdoktorstillingar haldast på minst same nivå som i dag. Forskingsutvalet ser også behov for øyremerkingar for å kunne følgje opp gjeldande strategisk plan og for å bidra med eigenandeler ved større eksterne forskingstildelingar. Forskingsutvalet finn derimot at øyremerkingar av rekrutteringsstillingar ikkje bør gjerast permanente, men at dei alltid tas opp til vurdering når åremålsperioden for den aktuelle stillinga går ut.

Fakultetet har fått fullmakt til veksle inn 5 stipendiatstillingar til postdoktorstillingar. Dette er eit tiltak for å betre karrierevegar for ferdige doktorandar, som er eit overordna mål i UiB sin handlingsplan for forskarutdanning.

For å styrka den faglege leiinga i forskarutdanninga vert det i 2012 tilsett ein koordinator i 20 % stilling.

Forskarskulane som verkemiddel i forskarutdanninga og i forhold til fakultetets forskingssatsingar

Det er seks forskarskuler ved Det medisinsk-odontologiske fakultet:

- Forskarskule i internasjonal helse
- International Graduate School in Integrated Neuroscience (felles forskarskule med Det psykologiske fakultet)
- PhD Programme in Translational Cancer Research
- Bergen Research School in Inflammation
- Forskarskule i klinisk medisin
- Forskarskulen i samfunnsmedisinske fag og helsefag

Forskarskulane er organisert på ulike måtar, nokon er oppretta av UiB sentralt, mens andre er oppretta av fakultetet som ein måte å organisere ph.d.-kandidatane som er knytt til instituttet. Forskarskulane får stadig fleire doktorgradskandidatar knytt til seg, men det er fortsatt ikkje slik at alle kandidatar blir knytt til ein forskarskule. Fakultetet har oppfølgingsmøte med forskarskuleleiarane minimum ein gang årlig.

Universitetet i Bergen gjennomførte våren 2011 ein evaluering av forskarskule-ordninga. På bakgrunn av denne, skal det Det medisinsk-odontologiske fakultet gjennomgå sin eigen forskarskuleordning våren 2012. Ein slik gjennomgang skal fokusere på korleis fakultetets forskarskular skal opprettast og godkjennast, finansiering, korleis kandidatane skal få tilknyting til desse forskarskulane og kva aktiviteter dei skal ha i form av kurs, identitetsskapande aktiviteter og nettverksbygging.

Forskarlinja ved Det medisinsk-odontologiske fakultet
Forskarlinja ved Det medisinsk-odontologiske fakultet er eit viktig reiskap for rekrutteringa til forskarutdanning ved fakultetet. Det var ved utgangen av 2011 74 aktive forskarlinjekandidatar ved fakultetet. Forskarlinja vart etablert i 2002, som eit verkemiddel for å auke rekrutteringa til medisinsk forsking.

Frå 2010 vart det også opna opp for at odontologistudentar kan søkje om opptak til forskarlinja. Målet er å ta opp to studentar frå odontologi kvart år. Studentar som er tatt opp ved Forskarlinja tar dette parallelt med sitt ordinære medisin /odontologi-studium, som vert forlenga med eitt år. Dei skal ha eitt års permisjon frå medisin- og odontologistudiet med forsking på fulltid. Studentane må rekne med større arbeids-belastning i resten av studiet. Studentane skal i løpet av forskarlinja gjennomføre og få godkjent opplæringsdelen tilsvarande som i ph.d.-programmet, og dei skal også skrive ein publiserbar artikkel.

Forskarlinjeleiaren sa opp sin stilling med verknad frå august 2011. Stillinga er utlyst, men det er per i dag ikkje tilsett ny leiar av forskarlinja.

Det vart i 2011 vedtatt ny felles studieplan for forskarlinja for lege- og tannlege-studentar. Den nye studieplanen er i samsvar med det nasjonale kvalifikasjons-rammeverket for høgare utdanning. I 2011 uteksaminerte fakultetet 14 forskarlinjekandidatar, og det vart tatt opp 17 nye. Det er avsett fem stipend årleg til forskarlinjestudentar som går direkte frå avslutta medisin-/odontologistudium til ph.d.-programmet (før turnusperiode for medisinere).

Prioriterte tiltak for å betre gjennomstrømming og gjennomføring
Som tidligare nemnt har fakultetet mange doktorgradskandidatar. Dette krev store ressursar, og det er starta opp fleire tiltak på universitets- og fakultetsnivå for å betre oppfølginga av kandidatane. I tillegg er eksisterande tiltak vidareført.

- Årlege tilbod om seminar for ph.d.-rettleiarar.
- Obligatorisk halvtårsregistrering for ph.d.-kandidatane.
- Årleg framdriftsrapportering frå ph.d.-kandidatar og rettleiarar. Oppfølging av framdriftsrapportane er prioritert på alle institutt.
- Midtvegsevaluering er frå 2011 innført på alle institutt ved Det medisinsk-odontologiske fakultet.
- Fakultetet vektlegg eit godt samarbeid med og mellom institutta, der rolle- og ansvarsfordeling er klart definert. Ein har regelmessige møtepunkt mellom fakultet og institutt (nettverksgruppe).
- Alle ph.d.-kursa ved fakultetet har fått reviderte emneplanar og læringsutbyteskildringar i samsvar med det nasjonale kvalifikasjons-rammeverket for høgare utdanning. Dette eit ledd i utviklinga av

forskarutdanninga som ein tredje syklus i fakultetets utdanningar jamfør handlingsplanen for forskarutdanning ved UiB. Desse vart vedtatt i Programutvalet for forskarutdanning februar 2012.

- Rettleiing for samanstilling av avhandling vart vedtatt hausten 2011.
- Ny-tilsett kommunikasjonsrådgjevar frå november 2011 aukar fakultetet si dekning i media. Ein planlegg og framskynda frist for innlevering av pressemelding i samband med disputas for å få betre tid til å få funn frå doktorgradsarbeida fram i media.
- Pris for beste ph.d- arbeid vart første gong delt ut i 2011 saman med fakultetet sine andre årlege prisar. Frå 2012 vil dette bli gjort i samband med ein årleg forskarutdanningsdag som skal opprettast, som eit ekstra ledd i den årlege forskingsdagen.
- Korte ned tid mellom innlevering og disputas ved å gjere det mogleg å levere avhandlinga i pdf-format, og sende den ut til komiteen elektronisk. For å sikre at dette ikkje får følgjer for kvaliteten i bedømminga, har Programutvalet for forskarutdanning vedteke at det ikkje kan gå mindre enn åtte veker mellom innlevering og disputas.

Omfang av underkjenningar og tiltak for å hindra underkjenningar og fråfall
Ved Det medisinsk-odontologiske fakultet er ikkje problemet med underkjenningar stort, sett i samanheng med det store talet kandidatar og disputastar ein har. Fire avhandlingar vart underkjent i 2011. Det er 1 mindre enn i 2010. Det har i hovudsak vore avhandlinga si samanstilling som har vore årsaken til underkjenningane, ikkje kvaliteten på artiklane.

Når det er snakk om fusk eller plagiat, er saka særleg alvorleg for kandidat og rettleiar. Difor er det viktig at universitetet sentralt kan bistå fakulteta i slike saker, slik at god og korrekt sakshandsaming, likebehandling av kandidatar ved ulike fakultet, og kandidatens interesser og rettar vert sikra på ein god måte. Det er ønskjeleg at kollegiesekretariatet utarbeidar retningsliner for handtering av slike saker, og at det nye ph.d.-reglementet som er under arbeid vert tydeleg på dette punktet, og i samsvar med anna relevant regelverk.

Fakultetet jobbar kontinuerlig med kvalitetssikring i alle ledd for å unngå underkjenningar. Programutval for forskarutdanning utarbeida hausten 2011 retningslinjer for samanstillinga av avhandlinga. Ein håpar at desse vil gjera det enno tydligare kva krav som stillest til ei avhandling. Dette kjem i tillegg til ordningar som ph.d.-registrering, midtvegsevaluering, framdriftsrapportering og seminar for ph.d.-rettleiarar. Det er også innført ei ordning der institutta kontrollerer samanstillinga i avhandlinga i Ephorus for å kvalitetssikre seg mot plagiat. Ved søknad om innlevering av avhandling er det nytt frå 2011 at ein ber om opplysingar om REK-godkjenning, (Regional komitè for medisinsk og helsefagleg forskingsetikk). Summen av desse tiltaka håpar ein fører til eit lågt tal på underkjenningar. Dei fleste av tiltaka nemnt over er også til hinder for fråfall.

Implementering av midtvegsevaluering
Midtvegsevaluering vart innført frå og med hausten 2010, og dette er no innarbeida på alle institutta ved fakultetet. Det er obligatorisk for kandidatar som er tatt opp frå og med 1. august 2009, men enkelte av institutta gjennomfører også ordninga for kandidatar som er tatt opp tidligare. Evalueringa betyr tett oppfølging av ph.d.-kandidaten, og synliggjer ansvar og forventningar. Ved godkjent midtvegsevaluering får kandidaten eitt studiepoeng som inngår i opplæringsdelen. Midtvegsevaluering skal gjennomførast innan 2/3 av ph.d.-perioden.

7 av 8 institutt gjev tilbakemelding om at midtvegsevaluering fungerer godt og at dette blir tatt på alvor med godt forberedte kandidatar og gode faglege diskusjonar. Tilbakemeldingane frå både rettleiarar og kandidatar er gode. Midtvegsevaluering krev ressursar for alle partar, men ein ser nytteverdi og resultat av å gjennomføra det. Etter å ha gjennomført midtvegsevaluering eit par gonger har eit institutt evaluert sin eigen organisering av midtvegsevaluering for å optimalisera tidsbruken. Sidan institutta har varierande tal på kandidatar knytt til seg, vil kva organisering som er mest hensiktsmessig variere. Eit institutt gjev melding om at ordninga opplevast som meirarbeid for både kandidat og rettleiar, og ser lite utbytte av midtvegsevaluering. Instituttet ønskjer ein evaluering av ordninga. Det er tidligare bestemt at fakultetet skal evaluera ordninga med midtvegsevaluering hausten 2012.

Erfaringar med seminar for ph.d.- rettleiarar
Det medisinsk-odontologiske fakultet gjennomførte hausten 2010 for første gong eit seminar for ph.d.-rettleiarar. Det er vedtatt at dette skal verte ein permanent ordning og at seminaret skal arrangerast årleg. Kursevalueringa viser gode tilbakemeldingane frå kursdeltakarane. Institutta oppmodar sine eigne rettleiarar til å delta og bidrar også med foredragsholdarar til seminaret.

Fakultetet jobbar vidare med å fremje god rettleiing. Arbeid er sett i gang for å greia ut moglege løysingar og kartleggja i kor stor grad det er hensiktsmessig og etablera obligatorisk utdanning for rettleiarar. I dag er det organisert som eit valfritt seminar ved MOF. I den anledning har ein henta inn informasjon og erfaringar frå Karolinska Institutet, som har jobba målretta med dette i fleire år og har eit godt opplegg.

Gjennomføring av ph.d.-registrering og felles framdriftsrapportering
I 2010 vart ph.d.-registrering innført som eit nytt verktøy i oppfølginga av ph.d.-kandidatane. Programutvalet utarbeida hausten 2010 utdanningsplanar for ph.d.-kandidatar. Planen gir kandidatane ein betre oversikt over kor langt dei er kome i opplæringsdelen. Fakultetet får også ein betre oversikt over kandidatprogresjonen. 438 av 513 kandidatar gjennomførte ph.d.-registreringa våren 2012. Ein ser at talet på kandidatar som gjennomfører ph.d.-registreringa er aukande. Våren 2011 var det 335 som registrerte seg og hausten 2011 var det 407. Sidan det ikkje har direkte konsekvensar å late vere å gjennomføra ph.d.-registreringa, er det er til dels vanskeleg

å motivere alle kandidatar som er ferdige med opplæringsdelen til å logge seg inn og gå gjennom registreringa kvart halvår. Fakultetet er likevel nøgd med at tala er stigande. Eit institutt gjev tilbakemelding om at tekniske utfordringar relativt ofte dukkar opp ved registrering. Fakultetet ser fram til lanseringa av Studentweb3, og håpar at den nye versjonen vil vere betre tilrettelagt for ph.d.-kandidatar enn noverande løysing er.

Kvart år skal kandidat og rettleiar gjennomføra framdriftsrapportering innan 1. november. Denne vert no gjennomført elektronisk og er drifta av universitetet sentralt, som deretter vidareformidlar resultata til det enkelte institutt. Tilbakemeldingane er at den elektroniske løysinga fungerer godt for institutta og at rapportane er eit godt verktøy til å følgja opp kandidatane. Enkelte institutt har kapasitet og ønske om å ha ein samtale med kvar kandidat på bakgrunn av framdriftsrapporteringa. På fakultetsnivå og universitetet sentralt ser at det er enkelte problem knytt til at e-postadresser og rettleiingsforhold ikkje er oppdaterte, og at samarbeidet med it-avdelinga er sårbart slik det har vore til no.

Innsatsområde innan internasjonalisering, jamfør eigne plan- og strategidokument og UiB sin handlingsplan

Det er eit mål at fleire kandidatar skal ha eit utanlandsopphald som ein del av sitt utdanningsløp, og institutta legg til rette for dette. Enkelte institutt har ein stor grad av kvotefinansierte kandidatar og har dermed også utstrakt samarbeid med utanlandske institusjonar knytt til konkrete prosjekt. Ph.d-emne ved fakultetet blir undervist på engelsk slik at utanlandske kandidatar kan følgja emna. Fakultetet oppmodar kandidatar til å delta på internasjonale konferansar og på denne måten få presentert sitt arbeid og samtidig oppnå studiepoeng innan formidling. UiB-finansierte stipendiatar kan også søkja støtte til forskingsopphald i utlandet, og kan få inntil 6 studiepoeng i opplæringsdelen for forskingsopphald ved utanlandsk institusjon.

Planlagde tiltak i 2012 for å auke mobilitet i forskarutdanninga

- Fakultetet har mange eksisterande internasjonale kontaktar, og vidare arbeid med internasjonalisering skal synleggjera desse i større grad slik at dei kan nyttast enno betre. Nokre institutt melder om at dei vil invitera forskarar som vil bidra til at forskargrupper byggjer opp fleire internasjonale kontaktar.
- Fakultetet vidarefører ordninga om utlysing av forskingsstipend ved utanlandsopphald for universitetsstipendiatar, med søknadsfrist to gonger i året. (Starta opp som eit pilotprosjekt hausten 2010.)
- På Internasjonal dag vil det bli ein presentasjon frå ein ph.d.-kandidat som har vore utanlands med finansiering frå fakultetet, for å synleggjera at denne moglegheita finnes for stipendiatar ved fakultetet. Den internasjonale dagen skjer i samband med internasjonal veke ved UiB.
- Innlegging av utanlandsopphald for ph.d.-kandidatar i FS vil gje betre oversikt over kor mange som reiser ut, og bidra til økt fokus på mobilitet sidan

utanlandsopphald i utlandet eller liten aktivitet på dette området kan talfestas betre.

- Våren 2012 er Det medisinsk-odontologiske fakultetet og Universitetet i Bergen vertskap for årets ORPHEUS konferanse og ventar mellom 150 og 200 deltakarar frå inn- og utland. http://www.orpheus2012.org/en/ For ytterligare å profilera fakultetet og UiB vil konferansen bli lagt til fakultetet sine eigne lokale. Det medisinsk-odontologiske fakultet vart i 2010 medlem av ORPHEUS - Organization for PhD Education in Biomedicine and Health Related Sciences in the European System. Organisasjonen representerer høgare utdanning og forsking innan biomedisin og helsefag, og jobbar mellom anna med å ivareta og kvalitetssikre ph.d.-graden og styrke karrieremoglegheiter til ph.d.-kandidatar. http://www.orpheus-med.org/